

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 16.02.2010
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per januar 2010**

Arkivsak
2009/138/
Styresak 031/10 B

Styremøte 03.03. 2010

Forslag til vedtak

1. Styret tek rapportering frå verksemda per 31. januar 2010 til etterretning.

Oppsummering

Aktivitetsrapporteringa blir påverka av at ein berre samanliknar aktivitet for to månader i 2009 og 2010 og det er derfor for tidleg å kunne sei noko sikkert om den forventede aktivitetsutviklinga. Sjølv små endringar i absolutte tal kan gje store prosentvise endringar. Ventetidsutviklinga per januar 2009 viser at dei gjennomsnittlege ventetidene i hovudsak er lågare enn for eit år sidan innan dei tre fagområda. Vidare er ventetidene i gjennomsnitt kortast for dei prioriterte pasientane, både for ventande og behandla pasientar. Epikrisetidene held seg framleis stabile rundt 75 % innan psykisk helsevern og rett rundt 60 % innan somatikken.

Resultatet pr januar er pluss kr 18,4 mill som er kr 4,4 mill dårlegare enn budsjettet. Helse Fonna og Helse Bergen var i budsjettmessig balanse ved utgangen av 2009 og har derfor ikkje utarbeida ordinær tiltakspakke. Helse Stavanger og Førde rapporterer ei realisert omstilling i tråd med plan. Samla sett er driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg men Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover.

Sjukefråværet for føretaksgruppa gjekk ned frå 7,9 % i november til 6,6 % i desember. Sjukemeldt sjukefråvær gjekk ned frå 6,5 % i november til 5,6 % i desember. Tal einingar som har eit lågare sjukefråvær enn 4,5 % er stabilt på om lag 55,1 %. Netto månadsverk for føretaksgruppa pr januar viser ein nedgang på 194 netto månadsverk målt mot desember 2009 og ein auke på 140 netto månadsverk målt mot januar 2009. Timar som blir utbetalt på feil månad er betydeleg redusert for januar 2010 i høve til januar 2009.

Omdømmemålinga for januar månad viser at tiltrua til tenesta oppnår det beste samla resultatet som er registrert sidan vi starta denne typen omdømmemåling.

Fakta









Denne rapporten er utarbeid med basis i informasjon per 31. januar 2010. Under sak 74/06 B og sak 80/07 finn ein oversikt over indikatorane brukt i rapporten med tilhøyrande definisjon. Grenseverdier som er vedtekne av styret finn ein i sak 14/07 B og sak 80/07.

Den helsefaglege delen av verksemdrapporteringa består av fire målekort: aktivitetsutvikling, ventetidsutvikling, epikrisetider og tertialsvisе indikatorar. Dei tre første målekorta består i all hovudsak av månadlege indikatorar, med eit par unntak innan tverrfagleg behandling av rusmiddelbrukarar, medan det siste målekortet har tertialsvisе indikatorar.

Kommentar

1. Aktivitetsutvikling

Datakjelda som blir nytta i rapporteringa av aktivitetsdata innan somatikken (og psykisk helsevern) er manuelle tal som helseføretaka sjølv rapporterar inn til Helse Vest RHF månadleg. I denne rapporteringa blir tal for aktiviteten i januar 2010 samanlikna med tal for tilsvarende månad i 2009. Når ein berre samanliknar tal for ein månad bør ein vere merksam på at små forskjellar i absolutte tal kan gje store prosentvise forskjellar.

Aktivitetsutvikling	Resultat	Mål	Status =
Somatikk			
Aktivitet målt i opphald	-0,5%	1,5%	
Poliklinisk aktivitet	-0,8%	1,5%	
Psykisk Helsevern for Barn og unge			
Aktivitet døgnbehandling	-4%	5%	
Aktivitet dagbehandling	6%	5%	
Psykisk helsevern for voksne			
Aktivitet døgnbehandling	-2,0%	5%	
Aktivitet dagbehandling	0,5%	5%	

Somatikk

Ei omlegging i Innsatsstyrt Finansiering gjer at ein ikkje kan rapportere den somatiske aktiviteten uttrykt i DRG-poeng denne månaden, då DRG-tal for 2009 og 2010 ikkje er direkte samanliknbare grunna endring av den polikliniske finansieringa.

Innan somatikken var aktivitetsnivået målt i sjukehusopphald -0,5% lågare ved utgangen av januar 2010, enn i same månad i 2009. I absolutte tal blei det gjennomført om lag 21 700 sjukehusopphald, noko som berre er om lag 90 færre enn i januar 2009. Når det gjeld sjukehusopphalda har Helse Fonna HF generert 5 % fleire sjukehusopphald enn året før, medan dei tre andre helseføretaka har generert frå 1 % til 4 % færre sjukehusopphald.

I januar 2010 var aktivitetsnivået innan somatisk poliklinisk behandling -0,8 % lågare enn i januar året før. Helse Stavanger HF (-7,5 %) og Helse Bergen HF (-0,5 %) er dei to helseføretaka med nedgang i talet polikliniske konsultasjonar samanlikna med status per januar 2009. For dei to andre helseføretaka varierar den polikliniske aktivitetsveksten frå nær 5 % i Helse Fonna HF til om lag 6,5% i Helse Førde HF. Totalt blei det rapportert inn om lag 64 000 polikliniske konsultasjonar i januar 2010. Dette er om lag 500 færre konsultasjonar enn i januar 2009.

Psykisk helsevern

Når ein ser på aktivitetsnivået i januar 2009 samanlikna med januar 2010 finn ein at aktivitetsnivået innan barne og ungdomspsykiatrien målt i liggjedøgn så langt i 2010 er 4% lågare enn til same tid i 2009. Dei absolutte tala syner at forskjellane er veldig små, sjølv om endringa i prosent er relativt høg. I absolutte tal var det generert om lag 50 færre liggjedøgn i januar 2010 enn i same månad i 2009. Helse Stavanger HF har rapportert om færre liggjedøgn enn året før, medan Helse Førde HF har generert fleire liggjedøgn. Helse Bergen HF og Helse Fonna HF rapporterar ein aktivitet som ligg om lag på same nivå som eitt år tidlegare.

Indikatoren for dagbehandling innan BUP (som inneheld dagopphold og poliklinikk) syner eit aktivitetsnivå i januar 2010 som er omlag 6 % høgare enn ved utgangen av januar 2009. Som for liggjedøgn er ikkje den absolutte forskjellen veldig stor. Til saman er det så langt i 2010 gjennomført nær 11 000 polikliniske konsultasjonar og dagopphold, noko som er om lag 600 fleire enn same periode i 2009. Helse Bergen HF og Helse Førde HF har så langt den høgaste aktivitetsveksten, medan dei to andre helseføretaka har eit aktivitetsnivå som er lågare enn i januar 2009.

Når det gjeld aktivitetsutviklinga innan psykisk helsevern for vaksne så syner døgnbehandling målt i tal liggjedøgn per januar 2010 eit nivå som er -2,0 % lågare enn i tilsvarande periode i 2009. I absolutte tal tilseier dette at om lag 22 100 liggjedøgn har vore generert i januar 2010, noko som er rundt 4 500 færre enn i 2009. Av dei fire helseføretaka rapporterar særleg Helse fonna HF, men og Helse Stavanger HF om fleire genererte liggjedøgn per januar 2010, medan Helse Bergen HF og Helse Førde HF rapporterar om lågare aktivitet enn i januar 2009.

Aktiviteten innan dagbehandling (som inneheld dagopphold og poliklinikk) syner at samla aktivitet er 0,5 % høgare enn året før innan psykisk helsevern for vaksne. Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF har eit aktivitetsnivå som er høgare enn same periode i 2009. Helse Bergen HF og Helse Førde HF ligg lågare i aktivitetsnivå enn i januar 2009. Uttrykt i absolutte tal er det gjennomført om lag 14 500 polikliniske konsultasjonar og dagopphold den første månadene av året, noko som er marginalt fleir (70) enn i januar 2009.


2. Ventetidsutvikling

I styrerapporteringa nyttar administrasjonen no tal for ventelisteutviklinga henta frå det regionale datavarehuset, som er utvikla innan prosjektet "heilscapeleg styringsinformasjon". Datagrunnlaget i datavarehuset er det same som Norsk pasientregister nyttar, og data blir handsama etter dei same reglane, men små avvik kan førekomme.

Somatikk

Den gjennomsnittlege ventetida for ventande innan somatikken heldt seg stort sett stabil i 2009, både for pasientar med og utan prioritet. For pasientar med prioritet har ventetidene bevega seg lite frå januar og fram til sommaren. For pasientar utan prioritet har ventetidene gått litt meir ned i den same perioden. For begge dei to gruppene steig ventetidene i samband med avviklinga av sommarferie i helseføretaka. Ei auke i ventetidene om sommaren er noko som har blitt observert kvart einaste år. Etter ferieavviklinga gjekk dei gjennomsnittlege ventetidene igjen ned i september 2009, for så å halda seg tilnærma stabil derifrå og ut november. Frå desember 2009 til januar 2010 har ventetida halde seg stabil. For pasientar med prioritet er ventetida om lag den same som i januar 2009, medan den er noko lågare for pasientar utan prioritet.

Tal ventande og gjennomsnittleg ventetid for ventande innan somatikk fordelt etter prioritet



Den samla gjennomsnittlege ventetida for dei som framleis venta var 99 dagar innan somatikken ved utgongen av januar 2010. Den samla ventetida var dermed 2 dagar lågare enn til same tid i 2009. Ventetida for ventande med prioritet var 73 dagar, medan den var 129 dagar for dei utan prioritet.

Av helseføretaka var det Helse Fonna HF som hadde dei kortaste gjennomsnittlege ventetidene ved utgongen av januar 2010, både for ventande med prioritet (62 dagar) og ventande utan prioritet (109 dagar). Dei gjennomsnittlege ventetidene for ventande med prioritet ved dei andre helseføretaka var 78 dagar i Helse Førde HF, 75 dagar i Helse Stavanger HF og 75 dagar i Helse Bergen HF ved utgongen av januar 2009. Haraldsplass diakonale sjukehus hadde dei lengste gjennomsnittlege ventetidene i Helse Vest ved siste rapportering, med høvesvis 78 dagar for prioriterte pasientar og 207 dagar for pasientar

utan prioritet. Alle helseføretaka og dei private ideelle sjukehusa hadde tilnærma same eller lågare gjennomsnittlege ventetider for prioriterte pasientar ved utgangen av januar 2009, samanlikna med utgangen av same månad i 2009.


Dersom ein og ser på dei gjennomsnittlege ventetidene for dei pasientane som blei tatt til behandling i januar 2009, så var desse 63 dagar for prioriterte og 84 dagar for ventande utan prioritet. Dette er i gjennomsnitt 1-3 dagar lengre enn i januar 2009, men lågare enn dei ventetidene som blei observert i perioden frå august til november 2009. Frå august til desember 2009 har ventetidene for dei behandla pasientane med prioritet gått ned frå månad til månad, for så å helde seg stabile frå desember til januar 2010. Det same gjeld for pasientar utan prioritet i det same tidsrommet.

Delen ventande som er tildelt prioritet innan somatikken har halde seg stabil rett øve 50 % det seinaste året. Om lag 53 % av dei ventande hadde prioritet per utgangen av januar 2010. Delen ventande som hadde prioritet varierar i Helse Vest, frå rundt 40 % ved Haraldsplass diakonale sjukehus til om lag 60 % i Helse Bergen HF.

Psykisk helsevern for barn og unge

Innan psykisk helsevern for barn og unge har ventetidsutviklinga vore positiv fram til juni 2009 for dei ventande med prioritet, medan ventetidene steig for dei ventande utan prioritet. Som innan somatikken var det og ei auke i dei gjennomsnittlege ventetidene innan psykisk helsevern for barn og unge i samband med avvikling av ferie i helseføretaka i juli og august. Figuren under viser at dei gjennomsnittlege ventetidene for begge dei to prioriteringsgruppene har gått ned i perioden frå september til november 2009. Frå desember 2009 til januar 2010 har ventetida igjen gått noko ned, og då mest for dei prioriterte pasientane.

Tal ventande og gjennomsnittleg ventetid for ventande innan psykisk helsevern for barn og unge fordelt etter prioritet



Ventetida for dei ventande med prioritet var i gjennomsnitt 48 dagar ved utgangen av januar 2010, noko som er 15 dagar mindre enn ved utgangen av januar 2009. For dei ventande utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida per januar 2010 23 dagar lengre enn for eit år sidan. Figuren over viser og at den gjennomsnittlege ventetida er klart lågare for pasientane med prioritet, enn for dei ventande utan prioritet.

Ventetidene for pasientar med prioritet var lågast i Helse Bergen HF ved utgangen av januar 2010 med 41 dagar gjennomsnittleg ventetid. Ventetidene for prioriterte ved dei tre andre helseføretaka var høvesvis 46 dagar ved Helse Stavanger HF, 49 dagar ved Helse Førde HF og 70 dagar ved Helse Fonna HF. Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar utan prioritet varierte frå 105 dagar i Helse Bergen HF til 113 dagar i Helse Stavanger HF.


Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som har blitt tatt til behandling har vore relativt stabile for prioriterte pasientar dei siste 12 månadene, og har gått ned dei siste månadene av 2009. Ventetida for prioriterte pasientar som blei tatt til behandling i januar 2010 var 65 dagar, noko som er 27 dagar kortare enn for eitt år sidan. Talet pasientar utan prioritet som blir tatt til behandling er mykje lågare, noko som gir større variasjonar i dei gjennomsnittlege ventetidene.

Delen ventande med prioritet var 73 % per januar 2009, men det er store forskjellar mellom helseføretaka. I Helse Fonna HF hadde kring 97 % av dei ventande per januar 2010 prioritet, medan om lag 70 % hadde same prioritet i Helse Bergen HF.

Psykisk helsevern for vaksne

Utviklinga i gjennomsnittlege ventetider innan psykisk helsevern for vaksne peika oppover gjennom store deler av 2009 både for ventande med og utan prioritet, men ventetida har heile tida vore kortare for dei prioriterte pasientane. Ved utgangen av januar 2010 var den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet 100 dagar og 125 dagar for dei utan prioritet. Desse ventetidene er høgare enn til same tid i 2009, då dei gjennomsnittlege ventetidene var høvesvis 68 dagar for prioriterte pasientar og 105 dagar for pasientar utan prioritet.

Tal ventande og gjennomsnittleg ventetid for ventande innan psykisk helsevern for vaksne fordelt etter prioritet




Helse Førde HF hadde dei kortaste gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar per utgangen av januar 2010 med 36 dagar, medan Helse Stavanger HF hadde dei lengste ventetidene for den same kategorien ventande med 151 dagar. Dei gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar i Helse Fonna HF og Helse Bergen HF var høvesvis 93 dagar og 84 dagar ved utgangen av januar i år.

Ventetida for dei pasientane som blir tatt til behandling innan psykisk helsevern for vaksne ligg en del lågare enn ventetidene for dei som framleis står på venteliste. For prioriterte pasientar som blei tatt til behandling i januar 2010 var den gjennomsnittlege ventetida 52 dagar, noko som er 4 dagar lågare enn for 12 månader sidan. For helseføretaka varierar ventetida for prioriterte pasientar som blei tatt til behandling frå 44 dagar i Helse Stavanger HF, til 62 dagar i Helse Fonna HF i januar 2009. I Helse Førde HF og Helse Bergen HF venta dei prioriterte pasientane som vart tatt til behandling i januar i gjennomsnitt høvesvis 47 dagar og 51 dagar.

Som for somatikk og psykisk helsevern for barn og unge har delen ventande med prioritet halde seg stabilt rundt 80 % det seinaste året men i dei tre seinaste månadene har delen med prioritet gått noko ned. I januar 2009 hadde 72 % av dei ventande prioritet. Delen ventande med prioritet varierar frå kring 80 % i Helse Førde HF, til rundt 70 % i Helse Bergen HF.

3. Epikrisetid



Per januar 2010 var delen epikrisar sendt innan 7 dagar 67 % innan somatikk, medan delen låg på 71 % innan psykisk helsevern. Med unntak av april 2009 (påskeferie) kan ein generelt sei at epikrisetidene har halde seg relativt stabile gjennom det siste året, med ein noko høgare del sendt tidnok innan psykisk helsevern enn innan somatikken. Psykisk helsevern i Helse Førde HF er den einaste staden som klarar å nå målsettinga om 80 % epikrisar sendt innan 7 dagar i enkelte månader.

4. Tertialsvisе indikatorar



Indikatorane i målekortet syner status for del korridorpatientar og strykingar av planlagde operasjonar per 3. tertial 2009. Dei nasjonale måla er at ein helst ikkje skal ha korridorpatientar innan psykisk helsevern og somatikk, og at delen strykingar av planlagde operasjonar bør ikkje overstiga 5%.

Både Helse Bergen og Helse Stavanger har hatt utfordringar når det gjeld korridorpatientar, medan det ikkje blir rapportert om korridorpatientar i de to andre helseføretaka. I perioden frå 3. tertial 2006 til 1. tertial 2008 har utviklinga synt ein gradvis nedgang i talet på korridorpatientar. Delen auka litt mot slutten av 2008, og gjekk så ned igjen i 1. tertial 2009. I 2. tertial 2009 hadde begge dei to føretaka ein vekst i delen korridorpatientar. I 3. tertial 2009 har Helse Bergen HF igjen fått kontroll på talet korridorpatientar medan Helse Stavanger HF og har hatt ein nedgang i delen korridorpatientar. Den samla delen korridorpatientar innan psykisk helsevern var 0,2 % i 3. tertial 2009. Helse Stavanger hadde om lag 0,4 %, medan Helse Bergen hadde rundt 0,2 % korridorpatientar.

Delen korridorpatientar innan somatikk gjekk opp frå 2,8 % i 1. tertial 2009 til 3,0% i 2. tertial 2009, for no å ligga på 3,2 %. Helse Stavanger som har hatt dei største utfordringane har hatt ein nedgang i delen korridorpatientar fram til 1. tertial 2009, for så å ha ein svak vekst i talet korridorpatientar i 2. tertial og 3. tertial 2009. Helse Stavanger rapporterte om den høgaste delen korridorpatientar i 3. tertial 2009 med om lag 3,5 %, men dei ligg berre marginalt høgare enn Helse Bergen HF (3,2 %) og Helse Fonna HF (3,0 %). Den lågaste delen korridorpatientar i 3. tertial 2009 finn vi i Helse Førde som hadde 2,0 %.

Delen strykingar heldt seg relativt stabil rundt 7,5 % i hele perioden frå i 2. tertial 2008 til 3. tertial 2009. Samla var delen strykingar 7,6 % per 3. tertial 2009, mot 7,2 % i førregående tertial. Helse Stavanger HF ligg høgast i 3. tertial 2009 med om lag 10 %, Helse Bergen HF 7,4 %, Helse Fonna HF ligg kring 6,8 %, medan Helse Førde ligg lågast med 5,3 %.

5. Økonomi


5.1 Resultat

	Januar			Hittil pr. januar		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Apoteka Vest	1 862	-167	2 029	1 862	-167	2 029
Helse Bergen	18 814	20 443	-1 629	18 814	20 443	-1 629
Helse Fonna	-2 789	762	-3 551	-2 789	762	-3 551
Helse Førde	118	-2 488	2 606	118	-2 488	2 606
Helse Stavanger	-3 757	2 199	-5 956	-3 757	2 199	-5 956
Kjøp av helsetenester	3 752	2 723	1 029	3 752	2 723	1 029
Administrasjonen	450	-419	869	450	-419	869
Helse Vest IKT	-57	-219	162	-57	-219	162
Sum	18 393	22 833	-4 440	18 393	22 833	-4 440

Alle tall i helle tusen

Resultat pr januar er pluss kr 18,4 mill som er kr 4,4 mill dårlegare enn budsjettet.

Helse Stavanger



Alle tall i helle tusen


Helse Stavanger har pr januar eit resultat på minus kr 3,8 mill som er kr 6 mill dårlegare enn budsjettet. Inntektene totalt denne månaden viser eit negativt avvik på kr 8,1 mill. ISF egne pasientar viser ein svikt på kr 5,2 mill, polikliniske inntekter har eit positivt avvik på kr 1,2 mill i høve til budsjett og "Raskare tilbake" viser eit negativt avvik på kr 1 mill. Føretaket har analysert inntektssida i rekneskapsen og funne at ISF inntekter på om lag kr 4 mill ikkje er med i grunnlaget for rekneskapsføringa for januar. Korrigert for dette vil resultat gje om lag kr 2 mill i budsjettavvik og ikkje kr 6 mill som er rapportert. Dette blir retta ved neste rapportering.

Totale personalkostnader i januar viser eit negativt budsjett avvik på kr 4,5 mill. Føretaket understrekar at refusjonsinntektene er låge i forhold til erfaring frå tidligare månader og utelukkar ikkje at refusjonane

skulle vore ca kr 3 mill høgare. Netto månadsverk viser at føretaket bruker 17 månadsverk meir en plan, noko som er urovekkande.

Varekostnader denne månaden viser kr 3,4 mill i positivt budsjett avvik. Andre driftskostnader viser eit positivt avvik på kr 3,5 mill. Ein dekomponering av ADK viser eit positivt avvik på kommunale avgifter og energi på kr 1,2 mill, kr 1,2 mill på diverse utstyr og inventar, reparasjon og vedlikehald på kr 1,3 mill og kr 1,4 mill på driftsavtale med Helse Vest IKT. Det største negative avviket er på MTU på kr 1,6 mill.

Helse Fonna




Alle tall i helle tusen

Resultat pr januar måned viser eit underskot på kr 2,8 mill mot et budsjettert overskot på kr 0,8 mill. Dette gir eit negativt budsjettavvik på kr 3,6 mill. Inntektene totalt denne månaden viser eit negativt avvik på kr 0,2 mill.

Kostnadene til medisinske varer og tenester viser samla sett eit positivt avvik denne månaden på totalt kr 0,4 mill. Personalkostnadene inkl. innleige av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på kr 3,1 mill. Hovudtyngda av dette er knytt til lønn til faste stillingar, inkl. refusjonsinntekter som viser eit negativt avvik på kr 2 mill. Ein betydelig del av dette avviket skuldast eit stort forbruk av vikarar i samband med sjukdom og permisjonar. Føretaket er nå i full gang med å analysere dette nærmare. Kostnadene til overtidsbetaling og innleige frå byrå viser til saman eit meirforbruk på kr 1,1 mill. Andre driftsutgifter har eit negativt avvik på kr 0,8 mill. Hovudårsaka til dette skuldast stor auke i kostnadene til energi knytt til den vedvarande kuldeperioden vi er inne i.


Helse Bergen



Alle tall i helle tusen

Helse Bergen har pr januar eit resultat på kr 18,8 mill som er kr 1,6 mill dårlegare enn budsjettet. Inntektene totalt denne månaden viser eit negativt avvik på kr 13 mill medan kostnadssida har eit positivt avvik på kr 11,4 mill. Det er mindrekostnader på kr 3,9 mill knytt til lønn men meirkostnader knytt til andre driftskostnader.

Helse Førde



Alle tall i helle tusen

Resultatet i perioden er positivt med kr 0,1 mill som er kr 2,6 mill betre enn budsjett. Inntektene hittil i år er kr 0,1 mill høgare enn periodisert budsjett. Kostnadssida syner eit positivt avvik mot periodisert budsjett på kr 2,5 mill. Lønnskostnadane syner eit mindreforbruk på kr 2,9 mill medan varekostnader har eit samla meirforbruk på kr 1,0 mill. Mindreforbruk på andre driftskostnadar utgjer kr 0,4 mill og finanskostnadane syner eit mindreforbruk på kr 0,2 mill mot periodisert budsjett.

Kjøp av helsetenester

Pr januar er det eit positivt resultatavvik på kr 1 mill.

Administrasjonen

Resultatet pr januar er kr 0,9 mill betre enn budsjettert.

Apoteka Vest

Føretaket har pr januar eit positivt budsjettavvik på kr 2 mill. Varesalet er ca kr 2,3 mill over budsjett, noko som kan tyde på høgare aktivitet i sjukehusa tidlig på året. Tenestesalet er ca kr 0,2 mill under budsjett. Dette skuldast at SUS ønskjer å kjøpe mindre farmasøytiske tenester enn det som er lagt inn i budsjettet hos Stavanger Sjukehusapotek. Budsjettet vil av den grunn bli omarbeid og vil bli ajourført i februar. Personalkostnadene er låge, ca kr 0,6 mill under budsjett, noko som delvis skuldast refusjonar fødsels- og sjukepengar med ca kr 0,5 mill samt at ein del kompetanseutvikling ikkje har starta enda.

Helse Vest IKT AS

Resultatet i januar er minus kr 0,1 mill som utgjer eit positivt budsjettavvik på kr 0,2 mill.

5.2 Omstilling

Helse Fonna og Helse Bergen var i budsjettmessig balanse ved utgangen av 2009. Sjølv om det òg i Helse Fonna og Helse Bergen er vurdert at ein har ein risiko, er det ut frå administrerande direktør si vurdering ikkje hensiktsmessig å leggja opp til ein prosess der desse to føretaka skal utarbeida korrigerande tiltak. I tillegg veit ein at både Helse Fonna og Helse Bergen har omstillingstiltak gåande i dei klinikkane som har den største budsjettutfordringa i 2010, utan at dette her er talfest. Føretaka må sørgja for å ha beredskap som gjer det mogleg å setja i verk korrigerande tiltak umiddelbart dersom utviklinga i 2010 tilseier at dei økonomiske resultatkrava ikkje vert nådd.

Helse Stavanger

Føretaket har utarbeid ein tiltakspakke som opphavlig var satt til kr 87 mill. Føretaket har nå hatt ein gjennomgang av denne og funne grunnlag for å justere den ned til kr 79 mill. Pr januar månad har Helse Stavanger realisert eit avvik i høve til denne berekninga. Føretaket har nå fokus på dei einingar som ikkje har realisert omstillinga som planlagt.

Helse Førde

Føretaket melder om ei realisering på 103% av planlagd effekt i januar. For året totalt melder dei ei prognose på 98 % realisering av den utarbeida handlingsplanen på til saman kr 45,5 mill. Etter administrerande direktørs vurdering må Helse Førde identifisera tiltak for ytterlegare kr 20 mill for å sikra at budsjettmålet blir nådd i 2010. Tiltaka kan sjåast i samanheng med den pågåande strategiprosessen i Helse Førde.

5.3 Likviditet

Helse Vest har ved utgangen av januar ein netto likviditet på minus kr 868 mill. Grafen under viser utviklinga i netto driftskreditt for året.




Driftskredittramma er ved inngangen på kr 1,675 mrd. Denne vil i løpet av året bli redusert med kr 95 mill til kr 1,580 mrd ved utgangen av året. Samla sett er likevel driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg. Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover og om nødvendig må det treffast ytterlegare tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

6. Medarbeidarar

Sjukefråværet for føretaksgruppa gjekk ned frå 7,9 % i november til 6,6 % i desember. Sjukemeldt sjukefråvær gjekk ned frå 6,5 % i november til 5,6 % i desember.


Tal einingar som har eit lågare sjukefråvær enn 4,5 % er stabilt på om lag 55,1 %. Sjukefråværet i 2009 har vært noko annleis enn tidlegare år som skyldast pandemien og eit høgare tal korttidsfråvær.



Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest var per januar 16 554 ein nedgang på 194 netto månadsverk frå desember 2009. Samanlikna med januar 2009 er det ein auke på 140 netto månadsverk. Brutto månadsverk inngår i rapporteringa til HOD og blir derfor ein del av den faste rapporteringa for månadsverk. Det føreligg nye felles nasjonale definisjonar på månadsverk gjeldande frå januar 2010 og desse er tatt i bruk i heile føretaksgruppa. Det er ikkje omfattande endringar, men det vil gi nyansar av utslag for brutto månadsverk.


Endringane i indikatoren for brutto månadsverk har slik effekt:

	Brutto månadsverk januar 2010 (i tråd med ny indikator)	Herav utrykking	Tidlegare berekning av brutto månadsverk dersom utrykking ikkje var blitt tatt med	% vis auke frå gamal berekning (effekt av endring i indikator)	Brutto månadsverk 2009 (eks utrykning)	Differanse månadsverk januar 2010 - januar 2009
Bergen	8203,27	12,77	8190,5	0,16 %	8230	-26,73
Fonna	2651,3	23,55	2627,75	0,90 %	2617	34,3
Førde	2171,58	16,61	2154,97	0,77 %	2185	-13,42
Stavanger	4851,26	11,94	4839,32	0,25 %	4764	87,26




Helse Stavanger

Sjukefråværet i Helse Stavanger var 5,9 % per desember 2009 og 7,3 % for november 2009. Sjukemeldt sjukefråvær for desember var 4,9 % og 6 % for november 2009.




Netto månadsverk for Helse Stavanger var 4 453 per januar 2010, det er ein nedgang på 70 netto månadsverk frå desember 2009. Samanlikna med januar 2009 er det ei auke på 89 netto månadsverk. Brutto månadsverk har ein auke i januar 2010.




Helse Fonna

Sjukefråværet i Helse Fonna var 6,4 % per desember 2009 og 7,2 % for november 2009. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,5 % for desember 2010 og 5,9 % for november 2009.




Netto månadsverk for Helse Fonna var 2 453 per januar 2010, det er ein nedgang på 12 netto månadsverk frå desember 2009. Samanlikna med januar 2009 er det ei auke på 58 netto månadsverk.




Helse Førde

Helse Førde hadde eit sjukefråvær på 6 % for desember 2009 og 6,9 % for november 2009. Sjukemeldt sjukefråvær for desember var 5,21 % og 5,8 % for november 2009.




Netto månadsverk for Helse Førde var 1 966 per januar 2010, dette er ein auke på 13 netto månadsverk frå januar. Samanlikna med januar 2009 er det ein auke på 16 netto månadsverk.




Helse Bergen

Helse Bergen hadde eit sjukefråvær på 8,2 % for desember og 8,5 % for november 2009. Sjukemeldt sjukefråvær var 6,9 % for desember og 7 % for november 2009.



Netto månadsverk for Helse Bergen var 7 509 per januar 2010, dette er ei nedgang på 123 netto månadsverk. Samanlikna med januar 2009 er det ein nedgang på 38 netto månadsverk.



Oppfølging variable timar

Føretaka har i løpet av 2009 hatt ein betre utvikling og kontroll med variabel lønn. Dette er ein tendens som har utvikla seg over dei siste to åra. Betydelig leiarfokus på dette området har gitt resultat. Helse Vest vil framleis følgja opp dette området i eit tett samarbeid med føretaka.

Over noko tid har den tette oppfølginga gitt resultat:

- **4,5 millionar vakter** blei handsama i arbeidsplansystemet i 2009 som igjen gir om lag 15 millionar transaksjonar i lønssystemet. Frå manuelle rutinar til IKT støtta arbeidsprosessar.
- **Bemanninga er stabil målt netto månadsverk** – gjennomsnittleg bruk av månadsverk per år har i perioden **2006 – 2009 vært mellom 16.530 og 16.511 for 2009** samstundes som ein i same periode har fått/over tatt nye oppgåver.
- Betre aktivitetsstyrd arbeidsplanlegging har redusert **bruken av variabel lønn med om lag 1 million timar** samanlikna med bruken i 2006 – redusert i perioden hausten 2007 til utgangen av 2009
- Lønnskostnadene er under kontroll. Det er satt i verk tiltak for å redusera bruken av innleige av helsepersonell vikarar. Det er etablert interne vikarsentra – som blir bemanna av medarbeidarar som ynskjer å arbeida på fleire einingar og oppleve spesialisthelsetenesta frå mange sider. I tillegg er det fleire føretak som handterer all ekstern innleige av helsepersonell gjennom desse vikarsentra. All vikarbruk blir koordinert frå sentrale einingar.

Starten på 2010 er vesentleg betre enn ved inngangen til 2009. Timar som blir utbetalt på feil månad er betydeleg redusert for januar 2010 i høve til januar 2009. Det er tydeleg at føretaka også har tatt grep om planlagt bruk av variable timar framover i tid. Det er ein balanse å halde talet nede samstundes som det er viktig med god planlegging. Føretaka følgjer nøye kva som er årsaka til bruken av timar framover og gjennomgår dette i sine møter med leiarar på alle nivå i føretaka.

Oversikt over timeforbruk variabel løn - Timerapportar frå GAT - for januar månad - lønskjøring januar 2010					
	Stavanger	Førde	Fonna	Bergen	Totalt
Timar utbetalt feil månad per januar 2010	1 845	2 402	1 161	6 522	11 930
Kostnad for timar utbetalt feil månad	922 500	1 201 000	580 500	3 261 000	5 965 000
Omrekna til tal netto månadsverk	12	16	8	43	80
	Stavanger	Førde	Fonna	Bergen	Totalt
Ikkje utbetalte timar per januar 2010	826	1 761	2 087	2 650	7 324
Kostnad for ikkje utbetalte timar per januar 2010	413 000	880 500	1 043 500	1 325 000	3 662 000
Omrekna til tal netto månadsverk	6	12	14	18	49
	Stavanger	Førde	Fonna	Bergen	Totalt
Timar planlagt fram i tid per januar 2010	5 564	482	2 059	1 530	9 635
Kostnad for timar planlagt fram i tid	2 782 000	241 000	1 029 500	765 000	4 817 500
Omrekna til tal netto månadsverk	37	3	14	10	64
	Stavanger	Førde	Fonna	Bergen	Totalt
Omrekna til tal netto månadsverk	55	31	35	71	193
Totalt per føretak i kr	4 117 500	2 322 500	2 653 500	5 351 000	14 444 500

7. Omdømme

Omdømme		Resultater	Mål	Status	=
Samfunn					
	Tiltro til tjenesten	83	80	●	
	Avvik tiltro pasienter/pårøren...	-3	0	●	
	Inntrykk av det regionale hels...	59	80	●	
Pasienter og pårørende					
	Avvik tiltro pasienter/pårøren...	-3	0	●	
	Avvik tiltro pasienter og pårø...	-1	0	●	

7.1 Tiltru til tenesta

Tiltraa til spesialisthelsetenesta er i januar på heile 83 prosent. Dette er det beste resultatet sidan målingane starta i mai 2008. Ved sist måling var tiltraa 80 prosent. Auken er statistisk signifikant. Denne indikatoren har vore stabil på rundt 80 prosent sidan mars 2009. Snittet for alle målingane er 78,9 prosent. Størst auke finn vi i føretaksområdet til Helse Bergen.

7.2 Forskjell i tiltru i gruppa *pasient/pårørende* samanlikna med gruppa *andre*

I januar er denne indikatoren -3 prosentpoeng. Det betyr at tiltraa er litt lågare blant dei som har vore i kontakt med spesialisthelsetenesta i forhold til dei som ikkje har hatt kontakt dei siste tre åra. Dette er det same som ved sist måling. 67 prosent har enten vore pasient eller pårørende i løpet av dei siste tre åra. 30 prosent seier at dei sjølve har vore pasient.

7.3 Inntrykk av det regionale helseføretaket

Inntrykket av det regionale helseføretaket enda i januar på 59 prosent. Det er ein tilbakegang på eit prosentpoeng frå desember. Det er likevel verd å merkje seg at snittet for alle målingane er 56,6 prosent. På same måte som når det gjeld tiltraa ligg altså dei siste målingane godt over gjennomsnittet for heile perioden. Det er ein signifikant høgare del som har eit godt inntrykk blant pasientar/pårørende (62) enn blant dei som ikkje har vore pasientar/pårørende dei siste tre åra (54).

7.4 Forskjell i tiltru mellom gruppa *pasientar* og gruppa *pårørende*:

Tiltraa til spesialisthelsetenesta er i januar litt lågare blant dei som sjølve har vore pasient enn blant dei som berre har vore pårørende (-1). I desember var denne indikatoren -4. Det er ein litt høgare del blant pasientane som har meget stor tiltru (33), enn blant dei som har vore pårørende (26).